

## Referat frå SMU 25.09.17

Desse møtte: Hildegunn, Leah Maria, Vibeke, Noah, Bjarne, Carina, Marit, Marianne, Julia og Linda

1. Konstituering  
Leiar: Bjarne Reime, politisk repr.  
Nestleiar: Marianne Vrålstad, FAU leiar  
Sekretær: Linda Solberg, lærar repr.
2. Rektor informerer om SMU og delar ut rettleiar til nye medl.
3. Møteplan for året som kjem  
25.09.17 kl. 16.00  
13.11.17 kl. 16.15  
15.01.18 kl. 16.15  
12.03.18 kl.16.15
4. Gjennomgang av plan og rutinar for arbeid med elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø  
Viktig at ein har klare rutinar på kven som skal utarbeide tiltaksplanen.
5. Gjennomgang av plan for brukarmedverknad  
Må endre på datoar for FAU og SMU/SU – møter
6. Definere kva rep. meiner kan gje eit betre skulemiljø  
Fadderordning om morgon; dette er litt vanskelig ettersom alle kjem på ulike tidspunkt. 4. klasse lærar har utfordra sine elevar til å sjå litt ekstra etter dei små. Aktivitetsledarar på småskulen; dette vil me ta opp med småskuletrinnet. Matfriminutt; alle kontaktlærarar har snakka med elevane om ro og trivsel rundt matsituasjonen.  
Ballbingen; satt inn tiltak på vakt som har kun har fokus på ballbingen.  
Arbeidsro i timane; viktig at skulen arbeider med dette. Me forventar at elevane sit i ro og gjev andre arbeidsro. Tydelig klasseleiing.
7. Korleis vil SMU arbeide med skulemiljøet  
Samarbeide godt med FAU. Viktig at foreldre blir møtt på ein god måte når dei tek kontakt med skulen. Lista skal vere låg for at foreldra tek kontakt med skulen.
8. Ev. be skulen om tiltak  
Aktivitetsleiar på småskulen, denne saken vil bli sendt til småskuletrinnet. Snakke med Runa om det er moglegheit for at dei

9. Orientering frå FAU

FAU sendte i vinter ein søknad til kommunestyret om støtte til å ha med lærar og økonomisk støtte til elevane på tematur i 10. klasse. Det blei løyva 1000 kr pr. elev til potten, men ikkje løyve til å ha med lærar.

10. Ordensreglementet

Skulen synest det fungerer bra med mobilfri skule. Ser at elevane er meir aktive i friminutta, snakkar meir saman.

11. Eventuelt

Info. om at FAU nå er blitt endra til å være foreldredrevet.

Referent: Linda Solberg